

13.11.2021

Til leiar i Hovudutvalet for opplæring og kompetanse, Karianne Torvanger

Frå Åsmund Berthelsen,SV

Spørsmål til møte i Hovudutvalet for opplæring og kompetanse 23.november 2021:

Om samarbeidet med dei private skulane om felles tidspunkt for inntak

Bakgrunnen for å spørje er vedtaket i Hovudutvalet i sak om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2021/2022 den 20.april 2020, PS 16/2020: «Det vert lagt opp til dialog og samarbeid med dei private skulane for å få til eit felles tidspunkt for inntak. Føremålet er at elevar som tek imot tilbod på dei private skulane seier frå seg plassane på dei offentlege skulane. Om ein ikkje får til dette vil Hovudutvalet ta opp om det bør utarbeidast sentrale retningsliner om dette.»

Vedtaket vart gjort fordi ulike tidspunkt for inntak gjer at ein del elevar som får plass både på privat og offentleg skule ikkje seier frå seg plassen på sistnemnde. Såleis tek dei opp plassar som andre kunne fått på eit tidlegare tidspunkt. Det må vere eit mål at det endelege inntaket er klart i god tid før skulestart, og ikkje berre ei eller to veker før.

I nemnde vedtak vart det lagt opp til dialog og samarbeid med dei private skulane for å få det til. Men om ein ikkje nådde fram med det, ville utvalet ta opp spørsmålet om sentrale retningsliner.

Utifrå dette har eg to spørsmål:

1. Korleis går arbeidet med å få til eit felles tidspunkt for inntak for dei offentlege og dei private vidaregåande skulane i Vestland?
2. Korleis vil administrasjonen arbeide med dette vidare? Er det aktuelt å ta det opp i høyringa til ny opplæringslova?